



#{navn}
#{adresse}

#{invnr}
#{utskriftsdato}

Vil du delta i Mammografiprogrammet?

This letter contains important information about breast cancer screening. For information in English and other languages: fhi.no/en/breastscreen

Alle kvinner i alderen 50 til 69 år får automatisk tilbud om røntgenundersøking av brysta, såkalla mammografiscreening, kvart anna år. Formålet er å oppdage brystkreft i eit tidleg stadium, for at færre skal døy av sjukdomen. Mammografiprogrammet er eit offentleg tilbod som vert leia av Kreftregisteret ved Folkehelseinstituttet.

Vi tilrår å lese informasjonen som er lagt ved når du skal avgjere om du vil nytte dette tilbodet. Det er frivillig å delta.

Vi har satt opp time til deg:

#{tildelttidspunkt}
#{tildeltsted}

Ta kontakt om du vil bytte tid, eller ikkje nytte tilbodet. Då kan andre nytte timen.

#{kontaktinfo}

Korleis finne fram:

#{tildeltstedadkomst}

#{overskrift_extrainfoline_1}

#{extrainfoline_1}

Med vennleg helsing
Mammografiprogrammet

fhi.no/mammografi

Viktig informasjon



Ring brystsenteret dersom du:

- har teke **mammografi** dei siste seks månadane
- går til **behandling eller kontroll** etter brystkreftoperasjon (dersom du har avtale med legen din om at nokre av kontrollane skal gjerast i Mammografiprogrammet, treng du ikkje ringe)
- brukar **rullestol** eller treng **tilrettelegging**
- har fått påvist **antibiotikaresistente bakteriar** (MRSA, VRE, ESBL) dei siste 12 månadane, eller dette er påvist hos nokon du bur med

Kontaktinformasjon på fyrste side.



Betaling og reisekostnader

- Pris kr. \${egenandelbelop}
- Beløpet er ikkje del av frikortordninga.
- Betaling skjer ved oppmøte, vanlegvis med bankkort eller Vipps (eventuelt bankgiro).
- Du må sjølv dekke reisekostnader. Undersøkinga er ikkje del av ordninga for pasientreiser.



Korleis førebu deg?

- Ikkje bruk hudkrem og talkum på eller rundt brysta den dagen du vert undersøkt. Kremar og talkum kan gjere det vanskeleg å vurdere bileta.
- Ikkje bruk parfyme.



Kva skjer etterpå?

- Du får skriftleg svar, vanlegvis tek dette 2 til 4 veker.
- Svaret kjem der du fekk invitasjonen (på Helsenorge eller som brev i postkassa).
- Nokre vil trenge tilleggsundersøkingar. Du får ei innkalling frå brystsenteret dersom dette gjeld deg.



Reservasjonsrett

Relevante opplysningar knytt til screeningundersøkinga di vert registrert i Kreftregisteret, i samsvar med kreftregisterforskrifta. Opplysningane vert nytta i planlegging og til utsending av invitasjonar, og i kvalitetssikring, evaluering og forskning i Mammografiprogrammet. Opplysningar i Kreftregisteret kan samanstillast med andre offentlege register for å utarbeide statistikk eller for å gjere opplysningar tilgjengelege i samsvar med helseregisterlova.

Du har rett til å reservere deg mot at personopplysningane dine knytt til screeningundersøkingar med normalt funn vert lagra permanent i Kreftregisteret.

Informasjon om rettane dine, og korleis du kan reservere deg, finn du på nettsidene våre.

Vil du ikkje delta?

Gje beskjed via nettsidene våre, eller kontakt oss på tlf. 21 07 70 00 eller e-post mammografi@fhi.no

Har du spørsmål?

På fhi.no/mammografi finn du meir informasjon om screening for brystkreft.